

SYKKYLVEN KOMMUNE

Folkehelse og arealbruk

Oversikt over areal-
relaterte nøkkeltal 2022

Kunnskapsgrunnlag for rullering
av kommuneplanen, arealdelen.

Innhald

1. Innleiing	4
2. Folketal	5
3. Folkehelseundersøkinga 2021 Møre og Romsdal	7
4. Ungdata 2022	7
5. Folkehelseprofil 2022	8
6. Oppvekstprofil 2022	10
7. Innbyggjarundersøking.....	11
8. Oppvekst og levekår	12
9. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø	14

1. Innleiing

Denne oversikten er eit oppdatert utdrag frå folkehelseoversikten 2018 med fokus på faktorar som er nært knytt til arealbruk. Oppdateringa er gjort i samband med rullering av kommuneplan - arealdelen. Sentrum-Ikornes, Straumgjerde og områda kring Nysætervatnet har eigne kommunedelplanar, og er ikkje omfatta av rulleringa.

Forskrift om oversikt over folkehelsa seier at kommunane skal ha ein løpande oversikt over folkehelsa og kvart fjerde år utarbeide ein samla helseoversikt. Hovudoppdatering av folkehelseoversikten er planlagt hausten 2023, i samband med utarbeiding av ny planstrategi etter kommunevalet.

Oppdatert talgrunnlag er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), Folkehelseinstituttet (FHI), Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal 2022, Folkehelseundersøking Møre og Romsdal 2021, Ungdata 2022 og Sykkylven kommunen sine innbyggjarundersøkingar, sist i 2019.

2. Hovudtrekk

Folketalet minkar, vi blir fleire eldre og færre yngre, og familistrukturane endrar seg. Dette gir endra bustadbehov og kan også føre til endra lokalisering. Gjennom arealplan må ein møte denne utviklinga, samstundes som ein må legge til rette for ei meir positiv utvikling enn prognosene tilseier.

På dei fleste arealrelaterte folkehelsefaktorane skil Sykkylven kommunen seg lite ut frå snitt for fylket eller landet. Her er det viktig å vere merksam på at gjennomsnittsverdiar ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå.

Generelt må kommunen legge opp til ein arealbruk som kan sikre, og stimulere til auka fysisk aktivitet, trivsel, møteplassar og at Sykkylven blir ein endå betre stad å leve heile livet.

Ivartaking av friområder, nærturområde, ferdselsårer o.l. er viktige tiltak for betre folkehelse som kan styrast gjennom arealplan. Som Trafikktrygg kommune har Sykkylven eit særleg ansvar for å følgje opp må trafikksituasjonen

Dårleg tilrettelagt gang- og sykkylevegnett er gjennomgåande i fleire undersøkingar. Dårleg kollektivtilbod likeså.

Samordna bustad-, areal- og trantransportplanlegging er sentralt for utvikling av ein meir berekraftig kommune.


3. Folketal

Folketalsendringar og endringar i alderssamansetting har direkte verknadar for arealbruk. Og motsett kan arealbruk påverke desse faktorene i ulike retningar. Bustadbehov, infrastruktur, tilgang til natur, fritidsanlegg, næringsareal, sentrumsfunksjonar, skule, barnehage og mykje meir, er arealbruk der lokal samfunnsutvikling er direkte knytt til arealplan.

Arealmessig må kommunen tilpasse planverket til dagens situasjon, samtidig som ein legg til rette for auka attraktivitet og moglege mottiltak for negative prognoser.

Folketalet i Sykkylven har minka siste åra. Frå over 7700 innbyggjarar i 2014 ventar ein at folketalet kan kome under 7200 i 2035.

Figur 1 syner utviklinga sidan 2010 og prognose fram til 2035. Framskrivinga er basert på Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt middelalternativ for utvikling, som er det tilrådde alternativet.




Kommunen blir i auka grad avhengig av tilflytting utanfrå å motvirke ytterlegare nedgang.

Figur 2 viser korleis andelen tilflyttarar av den samla befolkninga har auka frå 2007 fram til 2022. SSB antar at avhengigheita av tilflytting vil auke ytterlegare i åra framover.



Arbeidsinnvandring frå Aust-Europa er over tid største gruppa tilflyttarar. Situasjonen er lik for Møre og Romsdal fylke. Svingingar i arbeidsmarknaden kan gi store endringar i innvandringa

Alderssamansettinga endrar seg. Over tid har det vore reduksjon i yngre aldersgrupper og vekst i dei eldste gruppene. Denne utviklinga er venta å halde fram. Figur 3 viser utviklinga frå 2010 – 2022 og prognose for 2023 til 2035 for befolkninga fordelt på 6 aldersgrupper. Utviklinga får store konsekvensar for behov og utforming av det kommunale tenestetilbodet i åra framover.



Viktigaste utviklingstrekk for Sykkylven er:

- Nedgang i folketalet dei næraste åra.
- Nedgang i alle grupper under 67 år.
- Auke i gruppene over 67 år.
- Dårligare utvikling i forsørgjarbyrden samanlikna med fylket.
- Auka avhengighet av innvandring for å oppretthalde folketalet.

Status: Folketallsutvikling		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens												
Folketal	Folketal 1.1.2010: 7 589 Folketal 1.1.2022: 7 558 Utvikling siste 10 år viser nedgang i folketalet Nyaste prognose frå SSB viser ytterlegare nedgang i folketalet dei komande åra. I 2035 ventar SSB at folketalet i Sykkylven er under 7 200 personar.	Negativt fødselsoverskot seinar år. Positiv nettoinnvandring veg ikkje opp for negativ nettoflytting innanlands. Fråflytting og studiar. For liten breidde i arbeidsmarknaden.	Kommunalt tenestetilbod må tilpassast færre innbyggjarar. Endra alderssamansetting fører til endra tenestetilbod. Skule og barnehage må tilpassast færre barn og unge. Fleire eldre vil føre til auka behov for helse- og omsorgstenester.												
Alderssamansetting	Prognosane viser auke i eldre over 67 år og nedgang i alle andre aldersgrupper. I 2035 er det venta at talet eldre over 80 år har nærast dobla seg, frå 388 til 710. Tal yrkesaktive (20-66 år) er venta å minke med over 400 personar, frå 4329 til 3979.	Pendleavstand til Ålesund er for stor eller kostnaden for høg. Generell utvikling i svært mange distriktkommunar. Vekst skjer i stor grad i og nær byane. Ferre kan vere ein terskel for mange.	Utfordringar å rekruttere nye arbeidstakarar både for kommunen og næringslivet. Redusert innvandring kan gi mangel på arbeidskraft og kompetanse, og ytterlegare nedgang i folketalet.												
Innvandrar-befolkning	1.1.2022: 923 personar Andelen innvandrar i befolkninga har auka frå 7,5% i 2010 til 12,2% i 2022. Over 60% er arbeidsinnvandring frå Europa.	Arbeidsinnvandring skjer i hovudsak gode tider med tilgang på arbeid i Sykkylven, og i heimlanda.													
Familietypar	Hushald totalt 2022: 3274 Hovudtrenden frå 2014 til i dag er: • Fleire einebuande. • Fleire familiar med vaksne barn. • Færre familiar med heimebuande barn. • Tal einslege forsørgjarar minkar. Utviklinga er ei vidareføring av tendensane 10-året før 2014.	Endringar i familiensamansettinga er ein generell trend i Norge. Fleire bur åleine ein lengre del av livet. Den demografiske utviklinga i kommunen tilseier at mange par er i ei fase i livet der borna har flytta ut for å studere eller arbeide. Færre småbarnsfamiliar er knytt til redusert busetting og tilflytting av rette aldersgruppa.	Endra familiestruktur kan gi endra bustadbehov, der fleire etterspør mindre, husvære, gjerne sentralt i kommunen. Fleire eldre, både par og einslege, vil truleg auke behovet for sentrumsnære, mindre husvære.												
Kvinner per 100 menn	I 2022 er det 98 kvinner pr 100 menn i Sykkylven. Dette er om lag likt med fylket og landet. SSB ventar ikkje vesentlege endringar dei neste 20 åra..	Utviklinga i Sykkylven er ikkje ulik utviklinga for fylket. Generelt har fleire unge kvinner enn menn flytta frå regionen. Ein del er forklart med utdanning, mannsdominert yrkesliv og generelt låg attraktivitet.	Kvinneunderskot slår negativt ut på nyetablering og moglegheit for å oppretthalde og auke folketalet.												
Levealder	Fovental levealder aukar. Forventa levealder ved fødsel, alt. MMMM <table> <tr> <td></td><td>2022</td><td>2032</td><td>2037</td></tr> <tr> <td>Menn</td><td>82,7</td><td>84,7</td><td>85,6</td></tr> <tr> <td>Kvinner</td><td>85,3</td><td>87,1</td><td>87,9</td></tr> </table>		2022	2032	2037	Menn	82,7	84,7	85,6	Kvinner	85,3	87,1	87,9	Betre helse, sjukdomshandsaming, levekår mm. Auka fokus på folkehelse.	Auka levealderen, auka tal eldre, gir endra tenestebhov, endra bustadbehov, mm.
	2022	2032	2037												
Menn	82,7	84,7	85,6												
Kvinner	85,3	87,1	87,9												

4. Folkehelseundersøkinga 2021 Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte i 2021 ei større folkehelseundersøking i heile fylket.

Tal for Sykkylven viser at kommunen i hovudsak ikkje skil seg vesentleg ut frå andre kommunar i fylket. Dette treng ikkje det bety at resultata ikkje utgjer ei utfordring for Sykkylven.

Einsidig arbeidsliv med høg andel fysisk krevande arbeid kan gi særskildte utslag for Sykkylven. Til dømes har muskel- og skjelettplager over mange år vore hyppigare i Sykkylven enn snittet for fylket og landet.

Nokre trekk der undersøkinga viser avvikande verdiar for Sykkylven:

- Høgare andel av befolkninga med låg utdanning.
- Høgare andel med langvarig sjukdom.
- Færre som vurderer eiga helse som god.
- Gang- og sykkelveggar er for dårleg utbygt.
- Offentleg transporttilbod er for dårleg.
- God tilgang til natur.
- Høgare bustandard.

5. Ungdata 2022

Ungdata-kartlegginga dekker mange emner. Nokre kan knytast opp til arealplanar i større grad enn andre. Til dømes spelar arealbruk ei rolle når det gjeld fysisk aktivitet, trivsel, møteplassar, tilfredshet med nabolag mm.

Areal til idrettsanlegg, tilrettelagte friområde, tilkomst til attraktive friluftsområde, avstandar mellom heim og aktivitet, gode gang- og sykkelveggar som inviterer til fysisk aktivitet i kvardagen er alle døme der arealplanlegging er eit vesentleg styringsreiskap, og som har viktig verknad for folkehelsa for alle aldersgrupper.

Årsakssamanhengar er ofte komplekse, og kan vere vanskelege å avdekke. Nokre trekk frå undersøkingane med direkte eller indirekte relevans for arealbruk er at unge i Sykkylven meiner kommunen, samalikna med lande, har:

- Dårligare kollektivtilbod
- Betre lokalmiljø
- Tryggare nærområde

6. Folkehelseprofil 2022

Folkehelseinstituttets (FHI) sin folkehelseprofil for Sykkylven i 2022 viser at kommunen i liten grad skil seg vesentleg frå andre kommunar. (Lenke: <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>) Ser ein situasjonen over fleire år, er vesentlege negative avvik særleg knytt til utdanningsnivå og muskel- og skjelettplager, noko som gjerne har vore forklart med type arbeid som er tilgjengeleg og mange arbeidsplassar som ikkje krev høgare utdanning.

Livskvalitet er temaet for folkehelseprofilen 2022, og indikatorar og figurar tar utgangspunkt i dette temaet. Indikatorane som blir presenterte i profilen er valde med tanke på helsefremjande og førebyggjande arbeid, men er også begrensa av kva for data som er tilgjengelege på kommunenivå. All statistikk må tolkast i lys av anna kunnskap om lokale forhold.

Befolkning

- I aldersgruppa 45 år og eldre er andelen som bur åleine lågare enn landsnivået.

Oppvekst og levekår

- Andelen som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent avmedian hushaldsinntekt i Noreg.
- Andelen som gjennomfører vidaregåande opplæring er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

Miljø, skadar og ulykker

- Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er litt eller svært fornøgde med lokalmiljøet, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Tala er henta frå Ungdataundersøkinga.

Helserelatert atferd

- Andelen 17-åringar som oppgir at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået, vurdert etter tal frå nettbasert sesjon 1 for gutar og jenter.


Helsetilstand

- Andelen ungdomsskuleelevar som har mange psykiske plager, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Tala er henta frå Ungdataundersøkinga.

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet.

FHI gjer merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, då landsnivået ikkje alltid representerer eit ønska nivå.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet



Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkinga mangler, les meir om [moglege årsaker](#).


7. Oppvekstprofil 2022

Folkehelseinstituttet sin oppvekstprofil for 2022 tar særleg opp betydninga av sosiale forskjellar for barn si helse og oppvekst. FHI peikar på at kommunen ikkje skil seg frå landsnivået når det gjeld andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt. Andelen barn som bur trøgt er lågare enn landsnivået. Andelen som gjennomfører vidaregåande opplæring er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Andelen ungdomsskuleelevar som er fornøgd med helsa er heller ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebære ei viktig utfordring for kommunen, då landsnivået ikkje alltid representerer eit ønska nivå.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▭ Dei ti beste kommunane i landet




8. Innbyggjarundersøking

Sykkylven kommune har gjort samanliknbare innbyggjarundersøkingar i 2011, 2015 og 2019.

Undersøkingane omfattar alle sider ved det å bu i Sykkylven. Fleire spørsmål kan direkte eller indirekte knytast til arealbruk, som til dømes tilrettelegging for fotgjenarar, for syklende, støy, tilrettelegging for friluftsliv, gode bustadmiljø med meir. Særleg tilrettelegging for gange/sykle har mange misnøgd.

Figurar under syner utvalgte tema. [Lenke til samla rapport på kommunen si heimeside.](#)




9. Oppvekst og levekår

Oppvekst- og levekårstilhøve omhandlar både bu- og arbeidstilhøve, utdanning og økonomi. Oppvekst og levekår er viktige premisser for helse og livskvalitet. Gode vilkår for barn og unge i barnehage og skule, tilrettelegging for vaksne for inkluderande arbeidsliv og ei sikker inntekt er viktig. Levekår blir definert som eit samspel mellom individuelle faktorar, ressursar og dei moglegheiter ein har til å realisere desse på arenaer som skule, arbeid osv. Forsking har vist at det er samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Låg utdanning og inntekt aukar sjansen for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidlig død, det vil seie sosial ulikskap i helse.

Busetting


I 2022 bur 77% av innbyggjarane i kommunen innanfor tettbyggt strok. Kartet til høgre viser SSB sine definisjonar av tettbygd strok. Dette omfattar Ikornnes, Straumgjerde og strekninga Aursnes – Tynes.

I 2006 budde 69% innanfor tettbygd strok.



Over 70% av bustadane i kommunen er einebustadar. Sidan 2006 har andelen minka nokoa, medan andelen som bur i mindre bustadar som leilegheit eller blokk har auka tilsvarande. Endringane er ikkje store, men trenden over tid er tydeleg.

Endra familiestrukturar med fleire eine- eller få-personshushald vil truleg føre til auka behov for leilegheiter og andre mindre husvære.




Auka tal eldre er venta å gi auka behov for sentrumsnæra husvære, nær helsetilbod, servicetilbod, mm.

Arbeidsplassdekning og pendling

Sykkylven har høg arbeidsplassdekning. I 2017 var den 92,8%. Dette har auka til 96,4% i 2021.

Arbeidsplassdekning er eit uttrykk for antal arbeidsplassar i forhold til antal personar i yrkesaktiv alder.



Om lag 400 personar pendlar dagleg til Ålesund medan over 100 personar pendlar til Stranda. Samstundes pendlar om lag 300 personar inn til kommunen frå Ålesund, og noko over 100 personar frå Stranda. Innpendlinga har vore nokså stabil siste 10-året, medan utpendlinga har auka. Auken går til Ålesund. Utviklinga avspeglar ulike arbeidsmarknader, regional integrering, reisevilje, mm.

Næringsstruktur

Kommunen er rekna som næringsmessig svært sårbar grunna høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor. Høg grad av industriarbeidsplassar kan vere årsak til høgare grad av muskel- og skjelettskader enn fylket og landet.

Barnehagar

Sykkylven har 3 kommunale og 4 private barnehagar. Korte geografiske avstandar og forholdsvis god spreiding på barnehagane gjer at foreldre ikkje treng frakte barna langt til/frå barnehage.

Skulestruktur

Frå hausten 2023 har Sykkylven kommune har 2 kommunale og 2 private barneskular, ein ungdomsskule/vaksenopplæringssenter og ein vidaregåande skule.

10.Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Ei rekke miljøtilhøve har effekt på helsa. Døme er drikkevasskvalitet, luftkvalitet, grad av støy, sykkelvegnett og kvalitetar ved nærmiljøet som tilgang til friområde, friluftsområde, osb. Oversikt over infeksjonsepidemiologiske tilhøve i kommunen etter smittevernlova §§7-1og 7-2 bør samordnast med oversikt etter folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa og kome inn under biologiske faktorar. Sosialt miljø kan omfatte organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar osb. Med omgrepa fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø vert det referert til kap.3 i folkehelselova. (IS-2110)

Status: Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø.		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Drikkevatt	Om lag 90% av befolkninga får vatn frå godkjenings-pliktig vassverk, likt med fylke og landet. Kommunalt vassverk forsyner ca 52% av innbyggjarane. Tal frå siste åra syner at vasskvaliteten jamt over er kategorisert som bra. Koliforme bakteriar førekjem tidvis i hautmånadane. (Sykkylven Energi, innsynsløysing på nett)	Vasskjeldene er overflatevatn noko som aukar risiko for bakterieførekomst. Enkeltførekomstar av E.coli i hautperiodar med mykje nedbør, truleg frå sau/hjort. Vassverka har god drift og jamnlege kontrollar i samsvar med Drikkevassforskrifta, som sikrar god vasskvalitet. Sykkylven energi arbeider kontinuerlig med oppgradering av ledningsnett.	Sjukdomsfare ved bakteriesmitte, t.d. E.coli i vatnet. Kokevarsel.
Radon Maksimumsgrenseverdi for radon i bygg er 200 Bq/m ³ . Tiltaksgrensa er på 100 Bq/m ³ (årsmiddelverdi).	Det er gjort målingar på kommunale skular, barnehagar, institusjonar og kommunehus. Gjennomsnittleg årsmiddelverdi på 33 målepunkt er 15 Bq/m ³ . Høgaste verdi er 55.	Berggrunnen i Sykkylven består i hovudsak av gneis (Berggrunnskart NGU), ein bergart som inneheld lite radon.	
Gang- og sykkelveggar, tal km tilrettelagt for syklende. <i>KOSTRA-tal 2021</i>	Sykkylven: 17 km Det utgjer 17,2% av det kommunale vegnettet. Tilsvarende tal for Kostra-gruppe 01: 11,9% Landet (u Oslo): 15,0% Det er ikkje tal for kor mange som nyttar seg av gang- og sykkelvegane. Kommunen har ansvar for g/s-veg langs kommunal vegar. Langs fylkesveg er det Møre og Romsdal fylkeskommune som har ansvar for gangveggar.	Manglande utbygging skuldast manglande pengar og derav nedprioritering, både i kommunen og frå fylkeskommunen.	Ved manglande gang- og sykkelveggar brukar fleire vaksne bil, og fleire barn vert køyrt til skule- og fritidsaktivitetar. Auka trafikk gir auka sjanse for ulukker. Redusert moglegheit for fysisk aktivitet i kvardagen.
Tilgang til rekreasjons- og nærturareal (SSB 2022)	Andel med trygg tilgang til rekreasjonsareal: 2013 – 35% (M&Rfylke - 52%) 2022 – 22% (M&Rfylke – 59%) Andel med trygg tilgang til nærturterreng: 2013 – 74% (M&Rfylke – 63%) 2022 – 79% (M&Rfylke – 60%)	Relativt få opparbeida rekreasjonsareal, men god tilgang på natur og korte avstandar til natur og nærturområde i dei fleste bygdelaga. Omsyn til nærturområde i arealplanlegging.	Tilgang til natur gir moglegheit til lek og fri utfalding, kreativitet og fysisk aktivitet for alle. Friluftsliv er styrkande for fysisk og mental helse. Enkle friluftaktivitetar utgjer også ein viktig møteplass.

Nærmiljø/bumiljø	Leikeareal inngår i alle arealplanar. Kommuneplan definerer standard og minstekrav til leikeareal. Krav vert tilpassa felles norm utarbeida av frå fylkesmannen i Møre og Romsdal. Godkjent bustadareal i alle krinsar. Nærbutikk-møteplass i Ramstaddal, Velledalen, Hundeidvik, Straumgjerde og på Ikorntnes. Aktive vel-foreningar, grendalag, idrettslag, mm i alle krinsane.	Er underlagt retningslinjer. Norm/retningslinjer for leikeareal er oppfylt. Naturgjevne tilhøve(rasfare, flaumfare, mm) set avgrensingar for kvar det kan etablerast bustadområde. Nærbutikkane fungerer som ein viktig møteplass for nærmiljøet. For lita omsetning kan true drifta og føre til nedlegging.	Sikra ein felles minstestandard på leikeareal i heile kommunen. Levedyktige lokalsamfunn. Færre møteplassar går ut over det sosiale miljøet. Vil spesielt ramme barn, eldre og uføre som ikkje køyre bil, og som i dag bur i gåavstand til butikken.
------------------	---	--	--